



Norddal kommune
- ein verdsarvskommune



PLAN FOR
KOMPETANSE-
UTVIKLING

2012-2015

VED SKULANE I NORDDAL KOMMUNE

Kompetanse for kvalitet

Strategi for etter- og vidareutdanning i grunnskulen i Norddal kommune 2012-2015

Kompetanse for betre resultat

Gjennom strategien *Kompetanse for kvalitet* har skuleeigarar, lærarar og nasjonale myndigheter sidan 2009 brukt store ressursar på prioriterte fag og område, der formålet er å styrkje elevane si læring og motivasjon ved å auke læraren og skuleleiaren sin kompetanse.

Satsinga på kompetanseutvikling har tre hovudelement:

- vidareutdanning
- etterutdanning
- rektorutdanning

Statleg prioriterte område – etterutdanning

For perioden 2012-2015 er følgjande område prioriterte:

- Leseopplæring
- Rekneopplæring
- Vurdering for læring
- Klasseeleiing
- Spesialpedagogikk
- Andrespråkpedagogikk

Statleg prioriterte område – vidareutdanning

For perioden 2012-2015 er følgjande fag og område prioriterte:

- norsk, samisk, matematikk, engelsk, naturfag
- leseopplæring
- andre fag ut i frå lokale og nasjonale behov

Skular og skuleeigar skal legge til rette slik at vidareutdanninga kan gjennomførast utan vesentlege belastningar for eleven si opplæring. Ved å la vidareutdanninga inngå som ein definert del av lærarane si stilling med tilsvarande reduksjon i lærarane sine ordinære oppgåver, vil skulen auke si bemanning i den perioden som ein lærar deltek i vidareutdanninga.

Skuleeigar har ansvar for å kartlegge kompetansen blant dei tilsette på skulane, jfr. framlegg til nye og skjerpa kompetansekrav for lærarar både på barnetrinnet og ungdomstrinnet. Norddal kommune gjennomførte kartlegging av framtidig kompetansebehov seinast i 2011. Grunna endring i kompetansekrava bør dette gjerast på nytt. Då er det også viktig å gjere ei vurdering av korleis kompetansen i organisasjonen totalsett vert brukt.

Skuleeigar skal lage ein heilskapleg strategiplan for den nye perioden 2012-2015, med handlingsplanar som vert rullerte kvart år.

Finansiering

- Vidareutdanninga gjev studiepoeng og formell fagkompetanse. Partane i samarbeidet (staten, KS og utdanningsorganisasjonane) er samde om at staten dekkjer 50% og skuleeigar 25% av vikarutgiftene. Lærarane arbeider dei resterande 25% eller har uløna permisjon.
- Frå 2014 vil staten dekkje 75% av vidareutdanninga i matematikk og naturfag. For vidareutdanning i andre fag dekkjer staten 60 % av vikarutgiftene og skuleeigar 15 %.
- Det statlege vikartilskotet aukar dermed frå kr 125 000 til 180 000 kr for eit vidareutdanningstilbod på 30 stp, og til 225 000 kr for vidareutdanning i matematikk og naturfag.
- Frå 2014 vert det etablert ei stipendordning for lærarar der om lag 450 lærarar kan få 100 000 kr i stipend for å ta ei vidareutdanning på 30 stp i prioriterte fag, spesielt matematikk.
- Både i vikarordninga og i stipendordninga dekkjer skuleeigar kostnader i samband med reise, opphold, læremiddel.
- Lærar sin del av finansieringa er som før 25 % (bruk av eiga tid).
- Finansieringa av etterutdanning skjer ved at staten kvart år løyver ei ramme for å prioritere studietilbod som imøtekjem dokumenterte behov for etterutdanning. Midlane vert fordelte til kvart fylkesmannsembete etter objektiv fordelingsnøkkelen. Fylkesmennene prioritærer midlar ut i frå skuleeigar sin søknad

Lokale føringar og prioriteringar

Godt kvalifisert personale er eit viktig bidrag til høg kvalitet i undervisningstilbodet for elevane i Norddal. Det pedagogiske personalet ved skulane i kommunen har relativt høg kompetanse og lang erfaring. Planlegging av kompetansetiltak dei nærmaste åra må særleg ta omsyn til faglege behov i dag og i framtid, skjerpa krav til fagkompetanse og utfordringar knytt til rekruttering. I nær framtid vil fleire tilsette med brei kompetanse gå av grunna oppnådd pensjonsalder, og dette må ein ha med i vurderinga når kompetanseplanar vert utforma.

I ein så liten kommune som Norddal er det særleg god nytte i å delta i samarbeid kring kompetanseutvikling i grunnskulen. Norddal kommune er med i interkommunalt samarbeid om kompetanseutvikling i skulen gjennom Sunnmøre regionråd. Tiltak og satsingsområde i dette nettverket vil vere eit viktig bidrag til å gi dei tilsette i grunnskulen kompetanseheving.

I lokale prioriteringar må det leggast vekt på nye føringar for krav om fordjuping i einskilde fag. Ein må legge til rette for at undervisningspersonalet har god kompetanse i tråd med nasjonale standarar. Dette må det også takast omsyn til ved rekruttering av nye lærarar i kommunen.

Mål:

- *Gjennom den statlege prioriterte vidareutdanninga bør Norddal kommune ha som målsetting å delta med i snitt 2 lærarar per skuleår.*
- *Alle tilsette i skulen skal vere med på minimum eit kompetansehevande etterutdanningstilbod kvart skuleår.*

Årleg finansiering. (2014-2015).

• **Etterutdanning:**

○ Statstilskot:	40 000.-
○ Budsjettmidlar:	50 000.-
○ Bundne fond:	50 000.-

I alt kr: **140 000.-**

• **Vidareutdanning:**

○ Statstilskot:	765 000.-
○ Kommunal del vikar:	135 000.-
○ Lærar sin eigeninnsats:	300 000.-
○ Ymse utgifter:	85 000.-

I alt kr: **1 285 000.-**

Handlingsplan 2014-2015

Prioriterte område	Konkrete tiltak <i>Deltakarar</i>	Finansiering	Ansvar
Etterutdanning			
Klasseleiing	Interne og eksterne kurs med oppfølging - <i>Skulevandring</i> <i>Alle lærarar+ rektor</i>	Statstilskot + kommunale midlar 25 000.-	Fagsjef + rektarar
Vurdering for læring	Interne og eksterne kurs og nettverk. - <i>Utarbeiding av ny vurderingspraksis</i> <i>Alle lærarar+ rektor</i>	Statstilskot + kommunale midlar 25 000.-	Fagsjef + rektarar
Lokalt læreplanarbeid	Kommunalt nettverk <i>Alle lærarar</i>	Statstilskot + kommunale midlar 20 000.-	Rektarar
Leseopplæring	Interkommunale kurs <i>Gruppe lærarar</i>	Statstilskot + kommunale midlar 15 000.-	Rektarar
Rekneopplæring	Interkommunale kurs <i>Gruppe lærarar</i>	Statstilskot + kommunale midlar 15 000.-	Rektarar
Sosial kompetanse	Interne kurs <i>Valldal skule:</i> - <i>Sosial kompetanseplan</i> <i>Eidsdal skule</i> - <i>Prosjekt respekt</i>	Statstilskot + kommunale midlar 25 000.-	Rektarar
Ungd.trinnsatsinga	Ymse kurs/førebuing	Statstilskot + kommunale midlar 15 000.-	Fagsjef + rektarar
Vidareutdanning			
Matematikk	1 lærar 30 studiepoeng	Stat 75% = 225 000.- Kommune: Reise, opphold, læremiddel = 25 000.-	Høgskulen i Oslo
Leseopplæring 1+2	2 lærar 30 studiepoeng	Stat 60% = 360 000.- Kommune15% + reise, opphold, læremiddel 90 000.- + 40 000.- = 130 000.-	NTNU + NLA i Bergen
Rådgjeving	1 lærar 30 studiepoeng	Stat 60% = 180 000.- Kommune: 15% + reise, opphold, læremiddel 45 000.- + 20 000.- = 65 000.-	Høgskulen i Bergen